

Ark.nr. 432.34

## MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

\*\*\*\*\*

J. 173/81

Regulering av fisket etter sild nord for Stad i 1982.  
-----

Med heimel i §§ 1, 37 og 38 i lov av 25. juni 1937 om silde- og brislingfiskeria og kongelege resolusjonar av 17. januar 1964 og 8. januar 1971 har Fiskeridepartementet i dag fastsett følgjande forskrifter:

## § 1

Det er forbode å fange, føre i land eller omsetje sild av noko slag og storleik nord for Stad (Bukketjuvane  $62^{\circ}11,2'$  n.br).

## § 2

Utan hinder av forbodet i § 1 kan ein innanfor grunnlinene nord for  $62^{\circ}11,2'$  n.br. fiske sild med garn til eige bruk av agn. Dette fisket kan berre drivast av fiskarar som er førte på blad a eller b i fiskarmanntalet, og berre med eitt fiskeriregistrert farty og ikkje meir enn to fastståande garn men ei samla lengde på inntil 60 meter.

Utan hinder av forbodet i § 1 kan ein fiske sild med handsnøre (hekling) til eige konsum og for eige bruk av agn.

Fiskeridirektøren kan gi løyve til fiske i samband med vitenskaplege undersøkingar.

## § 3

Fiskeridirektøren kan gi løyve til omsetjing av sild tatt som bifangst under anna fiske. Det kan fastsetjast nærmare vilkår for omsetjing av slike fangstar.

§ 4

Utan hinder av forbudet i § 1 kan brislingfangstar ha inntil 50% sild som bifangst rekna etter rommål.

§ 5

Fiskeridirektøren kan fastsetje nærmare forskrifter om gjennomføring og utfylling av reglane i desse forskriftene.

§ 6

Desse forskriftene gjeld fra 1. januar 1982.

-----